

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

postmottak@kmd.dep.no

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2016/2372	16507/2016	L49	SOLHEIM	14.12.2016

SVAR PÅ HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I PLAN- OG BYGNINGSLOVA, OG MINDRE JUSTERING I MATRIKKELLOVA

Innspel i høve endring av matrikkellova

Under eit høyringsseminar på Gardermoen (GeoForum, 15.09.2016) la departementet fram tal og statistikk som konkluderte med at dagens ordning med kommunalt ansvar for oppmåling fungerer bra, i skarp motsetnad til dei som vil skape eit inntrykk av noko anna. På spørsmål om kvifor ein likevel ynskjer å oppheve det kommunale ansvaret for oppmåling svarte departementet sin representant at detta handla om prinsipp, underforstått politikk og ideologi. Som ordførar i Ørsta kommune reagerer eg sterkt på enda eit tiltak som vil svekke kommunen sitt fagmiljø og eit heilskapleg ansvar for viktige oppgåver.

Kommunane utfører arbeidet etter sjølvkostprinsippet. Vi fryktar at konsekvensane av ei lovendring kan verte at kostnadane til ei oppmålingsforretning i distrikta vert høgare ved at ei sentralisering av tenesta vil gi auka reisekostnader som kunden må betale. I tillegg skal private firma ha profitt.

Eit argument for framlegg til lovendring har vore effektivisering av oppgåva med eigedomsoppmåling. Sidan framlegg til lovendring legg opptil at ein skal dele opp prosessen i fleire fasar, med fleire aktørar, vil dette kunne føre til ein vesentleg lengre tidsbruk enn i dag. Fleire aktørar (privat landmålar som rådgjevar, kommunen gjev løyve, landmålar skal måle opp, kartverket skal matrikkelføre) og oppstykking av prosessen vil føre til meir tidsbruk til kontrollarbeid og avklaring. For profesjonelle aktørar som til dømes har rammeavtalar med eit landmålarfirma vil det vere kurrant å tinge nye oppmålingsoppdrag. For ein privat grunneigar, som er inne i denne prosessen ein eller nokre få gongar, vil det å hente inn pris på landmålarsteneste kunne vere ukjent og krevjande, og ta tid. Vi har mange private grunneigarar som søker om endring eller danning av eigedom.

Endring av matrikkelføring:

Sentralisering av matrikkelføring vil etter vårt syn føre til at ein mister viktig lokalkunnskap som kan vere viktig ved føring av matrikkelen. Ordninga i dag med kommunal oppmåling og kommunal matrikkelføring hindrar mistydingar, landmålar får større forståing for klare og tydlege data, og ein har god saksflyt som er effektiv i høve tidsbruk.

Departementet foreslår altså å overføre ansvaret for matrikkelføring frå kommunane til staten v/Kartverket. Grunngevinga er bl.a. ein meir einsarta praksis. Vi meiner at ordninga i dag, med kommunal føring av matrikkelen er så regelstyrt av dataprogrammet som vert nytta, at god og einsarta praksis er sikra. Vi viser også til at alle som skal føre matrikkel må gjennomgå fastlagt kursopplegg. I tillegg skal kommunane framleis føre den delen av matrikkelen som omhandlar bygg og adresser, og det er lite ønskeleg å dele opp dette fagmiljøet.

Kartverket vil, i samband med at tinglysinga no skal bli digital, få mange overtallige, og vil nok på sikt kunne bygge opp ei matrikkelføringsavdeling. Forslaget vil innebære ein storstilt flytting av kompetansesarbeidsplasser frå distrikta til kartverket i Hønefoss.

Fagmiljø og kommunal kompetanse:

Fagmiljø i kommunane vil verte svekka ved ei privatisering av landmålaroppgåva. Landmålarane sin eigedomskompetanse kjem godt med i andre kommunale oppgåver innanfor byggesak, plan, vatn- og avlaup med meir. Vi fryktar at forslaget fører til at kommunane mistar fagpersonar og kompetanse som sikrar eit godt, upartisk og rettferdig offentleg tilbod av tenesta. Fagfolk frå kart- og oppmålingsmiljøet fungerer ofte som tekniske tilretteleggarar av register og geodata og har vore pådrivarar for effektive og innovative løysningar. Ein utarming av kommunale fagmiljø innan kart og oppmåling, kan sette store samarbeidsprosjekt i fare. I "Noreg Digitalt" og "Geovekst" samhandlar stat, fylke og kommunane om å lage oppdaterte kart og temadata i alle naudsynte målestokkar. Mangel på kommunale fagfolk kan igjen føre til at regjeringa si satsing på digitalisering ikkje lar seg gjennomføre.

Det vert hevda at kommunane manglar kompetanse på eigedomsdanning i komplekse og urbane prosjekt. Ei større utfordring i denne samanheng, er mangelen på samsvar mellom plan- og bygningslov, seksjoneringslov og matrikkellov. Samspelet mellom kommunen, som plan- og bygningsmynde og førar av matrikkel, både på bygnings-, adresse- og eigedomssida, er nyttig i komplekse prosjekt. Den kommunale eigedomskompetansen dreg ofte vekslar på sakshandsamarar innan plan- og bygningslova og seksjoneringslova.

Oppsummering:

Det er vår klare oppfatning at målsetninga om ein betre matrikkel ikkje vert betre ivareteken med dei lovendringane som no er foreslått enn den lova ein har i dag. Sjølvsaft kan ein gjere endringar som å stille krav til kompetanse og forenkla m.a. føring av jordskiftesaker og varsling til partane. Privatisering av landmålaroppgåva og sentralisere matrikkelføringa vil føre til dyrare og truleg dårlegare tilbod for mange som ønskjer oppmåling av eigedom i Noreg. Ein misser den instansen som ser heilskapleg på matrikkelen og kjenner bakgrunnen til dei konkrete grensene.

Kommunalt ansvar for eigedomsoppmåling fungerer godt. Det er lite som taler for at oppgåvene samla sett blir billigare, betre eller generelt meir tilgjengelige, ved å oppheve det kommunale ansvaret. Samtidig må ein ta omsyn til dei negative konsekvensane for kommunen si samla drift.

Ut frå ei samla vurdering kan Ørsta kommune ikkje støtte forslaget om å oppheve det kommunale ansvaret for eigedomsoppmåling, samt å overføre føring av matrikkelen til Kartverket.

Med helsing

Stein Aam
Ordførar

Wenche Solheim
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.